

ÅRSMØTEREFERAT

Årsmøtet vart halde på Skei 22. april 2023 med 26 frammøtte medlemmar.

1. Opning.

Leiar Bjarne Horsevik ynskte årsmøtedeltakarane velkomne .
Deretter mintest årsmøtet dei medlemmane som har gått bort .

2. Val av møteleiar, sekretær og 2 til å skriva under møteprotokollen.

Desse vart samrøystes valde:

Møteleiar: Bjarne Horsevik

Sekretær: Vidar Lægreid

Underskriving av møteprotokollen: Eivind Bell og Jan Hårklau

3. Godkjenning av innkalling.

Innkalling var utsendt til medlemmane i god tid på førehand.

Ingen hadde merknader her.

4. Årsmelding for 2022.

Årsmeldinga var utsendt til medlemmane saman med innkallinga.

Møteleiar Bjarne Horsevik las gjennom den fyldige årsmeldinga og kommenterte enkelte saker.

Når det gjeld veteranbusstreffet i Tønsberg, så har styret sendt ei vurdering av opplegget og gjennomføringa. Her vart det peika på det som ikkje fungerte så bra og var kritikkverdig.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

5. Rekneskap for 2022.

Kasserar Per Lien gjekk gjennom rekneskapen og kommenterte enkelte postar.

Rekneskapen viser eit underskot på kr [REDACTED], noko som skuldast dei store verkstadsutgiftene på TV 38387. Avdelinga har ein god eigenkapital.

Økonomien er god og vitnar om god drift i avdelinga. Den framlagde reviderte rekneskapen vart samrøystes godkjend.

6. Budsjett for 2023.

Kasseraren gjekk også gjennom forslag til budsjett for 2023.

Det er budsjettert med driftsinntekter på ca [REDACTED] og driftskostnader på ca [REDACTED], noko som gjev eit overskot på ca kr [REDACTED], men kasseraren understreka at budsjettet er eit arbeidsverktøy og at mange av postane er usikre.

Årsmøtet vedtok at forslaget skal vera avdelinga sitt budsjett for 2023.

7. Innkomne saker.

Det var ingen innkomne saker til årsmøtet.

8. Val

Leiar i valnemnda, Kurt Magne Neset, la fram nemnda sitt forslag. Alle vala var samrøystes og i samsvar med valnemnda sitt forslag.

Styret

Leiar:	<u>Bjarne Horsevik</u>	Attval for 2 år
Nestleiar:	Endre Hellebust	Ikkje på val
Kasserar:	Per Lien	Ikkje på val
Sekretær:	<u>Vidar Lægreid</u>	Attval for 2 år
Styremedlem:	<u>Eivind Bell</u>	Attval for 2 år
Styremedlem:	Arne Kjell Fimland_	Ikkje på val
Styremedlem:	Jonfinn Alme	Ikkje på val
Varamedlem:	<u>Olav Grinde</u>	Attval for 1 år
Varamedlem:	<u>Ivar Møgster</u>	Attval for 1 år
Revisor:	<u>Reidar Holsen</u>	Attval for 1 år
«	<u>Leonard Birkeland</u>	Attval for 1 år
Valnemnd:	<u>Kurt Magne Neset (leiar)</u>	Attval
	<u>Audun Hovland</u>	Attval
	<u>Oddmund Frøysland</u>	Attval

Etter årsmøtet vart det orientert om desse sakene:

- Landstreffet på Oppdal 26.-29. mai.
- Landstreffet i Førde i 2024.
- Jubileumsboka

Vidar Lægreid
-sekretær-